STORD KOMMUNE

kristtornbyen

HØYRINGSNOTAT

- **Konsekvensutgreiing av mogeleg nedlegging av Litlabø skule frå skuleåret 2012-2013**

- **Framlegg om forskrift med heimel i opplæringslova § 8-1**

Historia om skuleskipnaden på Litlabø

Frå 1743 til 1873 gjekk borna på Litlabø i omgangskule saman med andre born frå området mellom Litlabø, Sagvåg og Føyno. Frå 1873 vart det skipa skule i leigde lokale på Stuva. Det var då skule 18 veker årleg, og krinsen strekte seg frå Øvre Økland, Lønning og til Litlabø. I 1885 bygde kommunen skulehuset på Stuva. Borna frå Litlabø gjekk saman med born frå Litlabø og i området ned til Lønning.

Like etter 1900 byrja ein intensiv fase i gruvedrifta på Litlabø. Folketalet voks, og både politisk, sosialt og kulturelt skilde denne bygda seg ut frå lokalsamfunnet elles. Borna til gruvefolket budde konsentrert mellom dei to skulestadene Sagvåg og Stuva, og vart fordelte på desse skulane etter gjeldande krinsgrenser.

I 1911 kom det difor søknad til skulestyret frå "betjente og arbeidere ved Lillebø gruber" om å skipa ein særleg skulekrins ved gruveanlegget. Skulestyret avslo å skipa eigen skulekrins på Litlabø, men vedtok at på grunn av lang skuleveg kunne ein skipa ein småskuleklasse på Litlabø under føresetnad av at Gruveselskapet sytte for husrom.

Det vart bygd ny skule på Litlabø i 1925 (den gamle skulen), etter 6 år med drøftingar og planlegging. Staten dekka 50% og Gruveselskapet betalte halvdelen av den kommunale kostnaden.

Etter krigen auka barnetalet, og skulane både i Sagvåg og på Litlabø tok til å bli for små. I 1956 sette skulestyret ned ei nemnd som skulle greia ut ny skule. Plan-nemda gjorde framlegg om å byggja ein felles skule i Nysæterområdet for dei to krinsane. Men skulestyret utsette planane om ny skule i Sagvåg, og vedtok i staden å byggja ut Litlabø skule. Planarbeidet tok til i 1957, skulen blei bygd i 1959. Paviljongen blei bygd i 1977, ny administrasjonsavdeling i 1984 og eit tilbygg i 1987. I 1997 blei det bygd to klasserom og rom for SFO, parallelt med at 6-åringane kom inn i skulen.

Dei første åra etter 2000 vart også spørsmålet om å byggja felles barneskule for Sagvåg og Litlabø drøfta i samband med behovet for ny skule i Sagvåg. Resultatet vart at kommunen bygde ny skule for Sagvåg, i Rukjen. Skulen var ferdig i 2006. Litlabø skule heldt fram som før.

Litlabø skule kom opp igjen i kommunestyret den 11.6.2010 i saka om budsjettrevisjon. Rådmannen fekk i oppdrag å leggja fram ei utgreiing for å vurdera overføring av elevane ved Litlabø skule til andre barneskular. Utgreiinga vart lagt fram for Komité for oppvekst og utdanning i oktober 2010. Komiteen vedtok å innstilla overfor kommunestyret å oppretthalda drifta av Litlabø skule. 02.12.2010 handsama kommunestyret saka og vedtok samrøystes å oppretthalda drifta ved Litlabø skule.

I Skulebruksplanen 2008-2015 er følgjande investeringsbehov ført opp ved Litlabø skule:

"Undervisningsrom for mat og helse.
Trafikktryggleik og utbetring av parkeringstilhøve.
Ventilasjonsanlegget delvis dårleg.
Vurdera vidare bruk av gamleskulen og paviljongen ut frå bygningsmessig standard m.m. Mesteparten av gamleskulen er pr. dato avstengd av tryggleiksmessige grunnar.
Investeringsbehovet er ikkje kostnadsrekna."

Elevtalet ved Litlabø skule har vore om lag 70 - 80 dei siste åra.

1 FORORD 4
2 SAMANDRAG 5
3 BAKGRUNN, PROSESS 5
4 NÆRSKULEPRINSIPPET OG SKULEKRINSGRENSER 6
5 SKULESTORLEIK OG KVALITET 7
6 FOLKEHELSEOMSYN 8
7 SKULEN SOM NÆRMILJØSENTER 9
8 ØKONOMISKE / ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR 10
9 ELEVTAL 2011-2012 OG UTVIKLINGA TIL 2016 12
9.1 ..... Elevtal Litlabø skule pr 1.1.2012 13
9.2 ..... Elevtal Sagvåg skule pr 1.1.2012 14
9.3 ..... Elevtal Tjødnalio pr 1.1.2012 15
10 ELEVKAPASITET VED SKULANE SAGVÅG OG TJØDNALIO (FØR UTBYGGINGSPLANAR FOR OMRÅDE SOM I DAG SOKNAR TIL SKULANE SAGVÅG, LITLABØ OG TJØDNALIO) 16
11 UTBYGGINGSPLANAR, ELEVKAPASITET OG ALTERNATIV FORDELING AV ELEVAR 17
11.1 ... Utbyggingsplanar for område som i dag soknar til skulane Sagvåg, Litlabø og Tjødnalio 17
11.2 ... Elevkapasitet etter mogeleg utbygging, før mogeleg nedlegging av Litlabø skule 20
11.3 ... Elevkapasitet etter mogeleg utbygging, etter mogeleg nedlegging av Litlabø skule 21
11.4 ... Oppsummering 22
12 ALTERNATIV FORDELING AV ELEVAR ETTER MOGLEG NEDLEGGING 23
12.1 ... Alternativ 0: Oppretthalda Litlabø skule 23
12.2 ... Alternativ 1: Elevane vert fordelt etter forskrift 23
12.3 ... Alternativ 2: Samla overføring av alle elevane ved Litlabø til Tjødnalio skule 23
13 SLUTTKOMMENTAR 23

Vedlegg: Framlegg om forskrift med heimel i opplæringslova § 8-1

1 FORORD

Kommunestyret vedtok i samband med budsjett og økonomiplan 2012-2015 å setja i gang ein prosess med sikte på eventuell nedlegging av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012-2013. Dette dokumentet utgjer, saman med innkomne høyringsuttaler, grunnlaget for kommunestyret si handsaming av denne saka.

Dokumentet omtalar m.a. nærskuleprinsippet og skulekrinsgrenser, utvikling i elevtal, elevkapasitet ved skulane Sagvåg og Tjødnalio og utbyggingsplanar i Sagvågsområdet. Dokumentet drøftar vidare pedagogiske konsekvensar og folkehelseomsyn knytt til ev. skulenedlegging, skulen som nærmiljøsenter og økonomiske/administrative konsekvensar. På bakgrunn av dette vert det skissert ulike alternativ med og utan drift av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012-2013. Kommunen ønskjer at høyringsinstansane kjem med synspunkt både på dei faglege vurderingane (premissane) og dei ulike alternativa.

Formelle høyringsinstansar er foreldrearbeidsutvalet(FAU), samarbeidsutvalet (SU) og skulemiljøutvala (SMU) og elevråda ved skulane Litlabø, Sagvåg og Tjødnalio, samt Utdannings- og Fagforbundet. Men også andre lag og organisasjonar med tilknyting til området/saka er velkomne til å gje uttale. På bakgrunn av denne høyringsrunden og handsaming av sak om forskrift om kva for skule dei ulike områda soknar til, vil sak om mogeleg nedlegging av Litlabø skule verta lagt fram for kommunestyret, etter planen i møte 22. mars 2012.

Dette dokumentet er utarbeida av skulefagleg rådgjevar Marit Kjelby, med bidrag frå tidlegare skulesjef Atle Bjørn Mæhle (historikk), pedagogisk konsulent Mari Espeland (pedagogiske vurderingar), økonomikonsulent Tor Langeland, controller Iren Dyrseth (nærskuleprinsippet), folkehelsekoordinator Tove Vikanes Agdestein, kommunelege Lars Helge Sørheim og kommunalsjef Reidun Myklebust. Rektorane ved skulane Tjødnalio, Sagvåg og Litlabø har også medverka aktivt.

Utdanningsforbundet vart invitert til å delta i arbeidet med dokumentet, men takka nei og vil i staden gje sine merknader i høyringsrunden.

Stord, 16. januar 2012

Magnus Mjør
Rådmann

2 SAMANDRAG

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan å starta ein prosess med sikte på nedlegging av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012-2013.

Dersom skulen vert lagt ned skal elevane fordelast mellom skulane Sagvåg og Tjødnalio. Fordelinga må skje i medhald av opplæringslova, og det må i eiga sak gjerast vedtak om kva skule elevane soknar til.

Litlabø skule er ein skule som er godt etablert i lokalsamfunnet. Elevar og foreldre føler seg tilknytt skulen, og skulen som institusjon er viktig både i fagleg og sosial samanheng. Pedagogisk sett er det lite grunnlag for å seia at ein såpass liten skule gir betre vilkår for læring enn ein større skule, det kan vera andre faktorar som er vel så viktige. Det same gjeld vilkåra for den sosiale utviklinga hos elevane.

Me veit likevel at samspelet med nærmiljøet er meir naturleg og lettare på ein liten skule enn ein stor, og at det t.d. er enklare å leggja til rette for tilpassa opplæring og samarbeid med instansar i skulen sitt nærområde.

Samspelet med nærmiljøet er også viktig for samhald og livskraft i lokalsamfunnet, der skulen som nærmiljøanlegg og aktivitetssenter er ein viktig premiss for positiv fritid. Slik sett vert skulen eit nærmiljøsenter i positiv tyding også i folkehelsesamanheng.

Elevtalet 2011-2012 og utviklinga fram til 2016 viser ein nedgong i elevtalet for Sagvågsområdet. Då er ikkje auke i elevar som følgje av føreliggjande utbyggingsplanar tatt med. Realisering av alle utbyggingsplanar i Sagvågområdet gir auke i elevtalet. Det er hefta mykje uvisse til prognosane for framskriving av elevtal.

Ved å ta omsyn til mogleg nedlegging av Litlabø skule og utviklingsplanar for området vil Sagvåg skule ha marginal kapasitet. Tjødnalio skule vil ha god kapasitet.

I høyringsnotatet blir tre alternative utfall av saka skissert. Alternativ 0 er å oppretthalda Litlabø skule. Dette inneber inga endring i skulestrukturen. I alternativ 1 blir elevane fordelt etter forskrift, som tyder styrt deling av elevar mellom skulane Sagvåg og Tjødnalio. Premissane her er at Sagvåg skule held fram med 1 parallell og dermed har avgrensa kapasitet. Alternativ 2 betyr alle elevane ved Litlabø vert overført til Tjødnalio. Ved Tjødnalio må det uansett kva alternativ som vert valt, gjerast bygningsmessige tilpassingar. Dersom alle elevane skal til Tjødnalio, må det gjerast utbygging av lokale til møte-, arbeidsrom, garderobar og toalett.

Økonomisk vil overflytting av elevane frå Litlabø til andre skuler, bety noko auka kostnadar til drift, nye læremidlar og bygningsmessige tilpassingar.

3 BAKGRUNN, PROSESS

Kommunestyret vedtok i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan å starta ein prosess med sikte på nedlegging av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012/13. Budsjettet hadde lagt inn ei netto innsparing på dette på 3,3 mill kr i 2012, deretter ei årleg innsparing på 7,6 mill kr frå og med 2012.

Budsjettvedtaket som gjaldt Litlabø skule vart gjort gjenstand for lovlegkontroll. Denne vart handsama av kommunestyret 15. desember, som presiserte følgjande i høve til budsjettvedtaket:

> *Kommunestyret stadfestar at vedtaket i budsjett og økonomiplan 2012- 2015 som gjeld nedlegging av Litlabø skule, og overflytting av elevar til frå Litlabø til Tjødnalio og Sagvåg skule, er å sjå som eit prosessleiande vedtak."*

At vedtaket er å sjå som prosessleiande betyr at kommunestyret ikkje har teke endeleg stilling til nedlegging av skulen. Kommunestyret skal først ta stilling til det på grunnlag av ein prosess som m.a. omfattar at saka vert sendt til høyring til skulen sine formelle samarbeidsorgan.

Vedtaket som omfattar Litlabø skule lyder etter kommunestyret si handsaming 15. desember slik (pkt 15 i budsjettvedtaket):

> *Kommunestyret gjer vedtak om å starta en prosess med sikte på ei eventuell nedlegging av Litlabø skule frå og med skuleåret 2012/2013. Dersom kommunestyret vedtek å vidareføra drifta av skulen skal budsjettet justerast i samsvar med dette i samband med revisjonen for 1. tertial 2012.*

Prosessen vert gjennomført etter følgjande plan:

Aktivitet	Tid
Dokumenta vert sendt på høyring	16.1.2012
Foreldremøte på dei 3 skulane	Litlabø skule Tjødnalio skule Sagvåg skule
Høyringsfrist	15.2.2012
Handsaming av sak om mogeleg nedlegging av Litlabø skule, komiteen for oppvekst og utdanning	8.3.2012
Vedtak i kommunestyret	22.3.2012
Handsaming av forskrift med heimel i opplæringslova § 8-1 i komiteen for oppvekst og utdanning	27.3.2012

4 NÆRSKULEPRINSIPPET OG SKULEKRINSGRENSER

Elevar i grunnskulen har rett til å gå på nærskulen. Dette følgjer av opplæringslova § 8-1 første ledd første pkt., der det står at elevane "*har rett til å gå på den skolen som ligg nærast eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til.*" Begge formuleringane, "*nærast*" og "*soknar til*", handlar om same vurderingstema, nemleg kva som skal reknast som nærskulen.

Kva som skal reknast som nærskulen vert avgjort av ei rekkje forhold omtalt i opplæringslova sine forarbeid, jf. NOU:18 1995 og Ot.prp. nr. 46 (1998-1999). Det skal takast utgangspunkt i geografi, men også andre objektive forhold som topografi og farleg skuleveg er relevante omsyn. I tillegg kan det leggjast vekt på subjektive forhold som at eleven har søsken på skulen og skulen sin kapasitet.

Opplæringslova § 8-1, 1. ledd, 2. pkt., gjev kommunen heimel til å fastsetje forskrifter; "om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til." Denne forskriftsheimelen er først og fremst gjeve for å sikre føreseielegheit for innbyggjarane i kommunen, samt styra den kommunale saksbehandlinga og sikra likebehandling.

Forskrift om skulekrinsgrenser skal vera ein funksjon av korleis nærskuleprinsippet skal ivaretakast for den enkelte elev i kommunen. Forskrifta må vera utforma i samsvar med dei omsyn som er lovlege etter ei tolking av lov og forarbeid og opne for subjektive forhold, der spørsmål om nærskuleprinsippet må avgjerast i den konkrete sak.

Uansett kva som vert rekna som nærskulen i høve til lov og forskrift, kan elevar etter opplæringslova § 8-1, 2. ledd, søkje om å få gå på ein annan skule enn den elevane soknar til. I motsetning til avgjerder etter § 8-1, 1. ledd, vil vedtak om å gå på ein annan skule enn nærskulen, jf. opplæringsloven § 8-1, 2. ledd, vera underlagt kommunen sitt "*frie skjønn*".

For det tilfellet at det vert fatta vedtak om nedlegging av Litlabø skule, vert det i vedlegg til høyringsdokumentet, fremja ulike løysingsforlag for overføring av elevane ved Litlabø til andre skular. Dei elevane som i dag gjennom enkeltvedtak har fått tildelt plass og går på Sagvåg skule, må ikkje vike plass for andre elevar.

5 SKULESTORLEIK OG KVALITET

Litlabø skule er ein skule med etter måten lågt elevtal, for tida 69 elevar. Det vil seia at nest etter Huglo skule (8 elevar), er skulen den minste i Stord kommune. Skulane Sagvåg og Tjødnalio med 164 og 240 elevar, er dei som ligg nærast opptil i elevtal.

Litlabø skule organiserer drifta si slik at elevar med ulik alder i nokre samanhengar har undervisning i lag, medan i andre samanhengar er alder kriterium for kor store gruppene er.

Ei flytting av elevar frå Litlabø skule vil få fylgjer for både Sagvåg skule og Tjødnalio skule, ved at elevtalet i klassane ved desse skulane vil stiga.

Det er vanskeleg å argumentera fagleg for at dette vil få store fylgjer for læring og læringsutbyte og den sosiale utviklinga til den enkelte eleven. Forsking på området små skular/små klassar samanlikna med store skular og store klassar har kome fram til ulike resultat, og det er heller ikkje gjort mykje forsking på området i vårt land.

Landsstatistikk frå SSB viser at om lag 30 % av skulane i Noreg har mindre enn 100 elevar og vert rekna som små skular, medan i internasjonal samanheng er det først når elevtalet er under 300 at skulane vert rekna som små.

Nasjonalt har professor Thomas Nordahl ved Høgskolen i Hedmark i 2007 offentleggjort resultat frå undersøkingar frå ein kommune der ungdomsskulen rekrutterte elevar frå ulike barneskular i kommunen. Barneskulane vart delte i kategoriane små og stor, og faglege resultat og sosial tilpassing hos elevane vart undersøkt. Forskingsmaterialet viste at elevane frå dei små barneskulane ikkje hadde nokon fortrinn framfor medelevane frå dei større barneskulane.

Eit forskarmiljø frå Nordlandsforsking har også i nokon grad forska på tema skulestorleik, då i lys av samanhengen mellom skulestorleik og omsynet til å bevara levande lokalsamfunn i mindre sentrumsnære strøk. Det vart også vurdert korleis lokalmiljøet kunne integrerast på ein god måte i opplæringa i skulen. Konklusjonane (Kvalsund 2004 og Solstad 2006) viste at:

- Små skular er viktige sosiale arenaer i mindre bygdesamfunn, med mange lokale aktivitetar knytt til skulen

- Små skular i bygdesamfunn har potensiale i seg til god tilpassa opplæring ved å skapa læringsaktivitetar som er god forankra i lokal natur og lokalt næringsliv.

Internasjonale funn som gjeld forsking på små og store skular, har mindre relevans, sidan grensa for små skular først går ved 300 elevar. Uansett viser forsking at det er vanskeleg å slå fast kor vidt skulestorleik har samanheng med kvalitet og resultat hos elevane. Funn viser at det sannsynlegvis er andre faktorar enn skulestorleik som er avgjerande for kvaliteten.

For enkelte sårbare elevar, kan det i fylgje internasjonale undersøkingar likevel visa seg at mindre skular er eit gode. Det kan tenkjast at dette kan vera spesielt merkbart i ein overgangsperiode, der det vert snakk om å etablera nye relasjonar til vaksne og medelevar på ein ny stad.

Det offisielle kvalitetsmålingssystemet for skulane i Noreg vert gjennomført kvart år i form av m.a Elevundersøkinga som måler trivsel, fysisk miljø, mobbing og fagleg rettleiing. Desse er obligatoriske på 7.og 10.trinn. Analyse av resultat viser ingen samanheng mellom skulestorleik og dei tilhøva som blir målte, med unntak av mindre skilnader knytt til pc-bruk og fysiske forhold. Det er ingen samanheng mellom skulestorleik og åtferdsproblematikk.

Faglege resultat vert målt i nasjonale prøvar på 5. og 8.trinn, og heller ikkje her er det funne at skuleresultat er påverka av skulestorleik.

Sjølv om resultata varierar år om anna, vil ein peika på at resultata for Litlabø skule inneverande år, ligg over snittet i kommunen både når det gjeld Elevundersøkinga og faglege resultat i Nasjonale prøvar.

Ein står såleis att med denne konklusjonen som gjeld samanheng skulestorleik og kvalitet:

- Små skular i samspel med lokalsamfunnet som læringsarena kan leggja godt til rette for tilpassa opplæring
- Lokalsamfunnet drar nytte av skulen i samband med integrering av aktivitetar og fysiske anlegg.
- Skulestorleik ser ikkje ut til å ha noko å seia for generelt fagleg utbyte eller for læringsmiljø, motivasjon eller elevmedverknad.

6 FOLKEHELSEOMSYN

Ny lov om folkehelsearbeid (folkehelselova) forpliktar kommunen i all si verksemd å fremje helse, trivsel, godt miljø og gode sosiale tilhøve, og verne innbyggjarane mot faktorar som kan ha negativ innverknad på helsa. Kommunen skal ha særleg merksemd mot trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale- eller helseproblem eller sosiale helseskilnader.

Litlabøsamfunnet har ei historie og ein kulturbakgrunn som har verka samlande og gitt identitet. Mykje frivillig innsats er gjort for å ta vare på kulturminna og halda dei levande. Området har svært vakker og variert natur med gode tilhøve for friluftsliv. Det vert fortalt om godt naboskap, samhald og sterk dugnadsand. Dette er viktige ressursar i folkehelsesamanheng. Det er sikkert i tillegg ei rekkje andre styrkande faktorar som ein kan få fram og ta vare på. Det kan halda oppe eit robust lokalsamfunn og styrkja omdømet trass eventuell nedlegging av skulen.

Korleis ein opplever prosessen rundt endringa har innverknad på kor vanskeleg eller lett det er å etablere tillit og tilhøyrsle i ein ny skulestruktur. Det bør leggjast stor vekt på å få fram sakleg

informasjon, skape felles forståing og tillit mellom elevar og foreldre på dei aktuelle skulane både før flytting, og i den første tida etter flytting. Borna bør sleppa opprivande drøftingar og usaklege utfall, då dette kan gje grobotn for kjensle av mindreverd. Dei må heller få balanserte framstillingar der fordeler og ulemper vert sett opp mot einannan. Dette gjeld alle kjelder for informasjon, frå kommunen og familien til massemedia.

Det å vite kva som kan henda og kvifor som grunnlag for å skjøna prosessen (forutsigbarhet) er viktige helsefremjande faktorar. Det er avgjerande å få til ei stabil ordning og skape tryggleik rundt skulesituasjonen. Grundig og rett informasjon kan gjera endringsprosessar lettare. Barn treng ekstra omsyn for at dei skal forstå og ha høve til å medverke. Uklåre/motstridande signal, konfliktar og negative haldningar saman med manglande støtte, kan føre til utryggleik, mistillit og redusert sjølvkjensle. Dette er risikofaktorar både for helsa til den einskilde, og for folkehelsa i lokalmiljøet.

Oppvekstvilkår påverkar heile livsløpet, og er grunnleggande for folkehelsa. Å vere del av eit positivt sosialt fellesskap er ein viktig vernande faktor. Det bør difor leggjast vekt på å ivareta innbyggarane si kjensle av tilhøyr og fellesskap. Auka bruk av ressursar til førebyggjande tiltak kan vere naudsynt.

Eit bustadmiljø fjernt frå skular kan opplevast som mindre attraktivt. Dette kan føre til sterkare sosioøkonomiske skilje, også innan helse (Helsedirektoratet 2010). I ein slik situasjon er det viktig å få fram dei eksisterande positive kvalitetane i området og støtta opp under og styrkja dei. Dersom ein ynskjer å oppretthalde eit livskraftig og helsefremjande lokalmiljø, kan nedlegging av skulen føre til trong for auka ressursbruk innan andre felt, t.d. bustadmiljø, næring og kultur.

Å gå eller sykle til skulen er kvardagsaktivitet som har stor verdi for folkehelsa. På same måte er og trygg skuleveg viktig for barn og foreldre. Nedlegging av Litlabø skule fører til at mange elevar får lengre skuleveg. I teorien skulle dette føre til meir fysisk aktivitet. Praksis tilseier at med lang skuleveg blir fleire elevar køyrd til skulen, men går heim. Dei trafikale tilhøva ved skulane er vanskelege. Ved Tjødnalio gjeld det særleg kryssing av vegen for dei elevane som kjem med buss. Opplæring og trafikksikringstiltak vert nødvendig for å førebyggje ulykker. Eit tiltak som må vurderast i trafikksikringsplanen er å etablere trygge av-/påstigningsstadar i nærleiken av skulen.

7 SKULEN SOM NÆRMILJØSENTER

Det å oppretthalda skulen vert ofte opplevd som "siste skanse" for nærmiljøet. Skulen sin funksjon er i første rekkje å vere ein læringsinstitusjon, men i kulturell og sosial forstand har den ein langt breiare tyding. For eit nærmiljø kan nedlegging av skulen føre til ei endring i det sosiale miljøet.

Det tar tid å byggja opp nye sosiale arenaer i nærmiljøet. Barn og vaksne vil kanskje bruka meir av si tid og sitt engasjement andre stader enn i nærmiljøet. Barna får venner og deltek på aktivitetar i tilknyting til den nye skulen. Foreldra må kanskje bruka meir tid til bringing og henting av barn, og vil kanskje heller bruka tid og engasjement i høve til barna sine nye sosiale arenaer enn i nærmiljøet. På denne måten kan nedlegging av små, desentraliserte skular virke negativt for lokalsamfunna.

Litlabø skule har ein stolt og god tradisjon, her har vore skule sidan 1925. For tre år sidan fekk Venelaget for Gruo, Stord kommune sin kulturpris for arbeidet med å skapa positiv aktivitet i det gamle gruvesamfunnet. Litlabø skule har, og har alltid hatt eit nært og godt samarbeid med venelagt for Gruo. I tillegg til omvisningar for elevane har einskilde elevar også deltatt ved spesielle prosjekt. Det har også vore diskutert korleis skulen og Venelaget kan ha eit breiare samarbeid. Gruo har til

dømes vore foreslått som arenaer for framsyningar i skulen sin regi. Målet har vore å få på plass ein samarbeidsavtale mellom Litlabø skule og Gruo i løpet av skuleåret 2011/12

Skulen er eit samlingspunkt for innbyggjarane og kan vera viktig for rekruttering av nye familiar og tilflytting til bygda. Ved Litlabø skule er det opparbeida ballbinge og aktivitetsanlegg i 2001.

Skulen er utleigd til ulike lag og organisasjonar. Nokre har hatt faste treningstider i gymsalen i veka, medan andre har leigd skulen i eit meir tidsavgrensa tidsrom til ulike kurs, treningar osb. På dagtid har Litlabø barnehage og Stuastølen Gardsbarnehage brukt gymsalen på formiddagstid ein gong i veka kvar.

Uteområdet vert brukt som leikeområde i fritida.

8 ØKONOMISKE / ADMINISTRATIVE KONSEKVENSAR

Budsjettet har lagt inn ei netto innsparing på 3,3 mill kr i 2012, deretter ei årleg innsparing på 7,6 mill kr frå og med 2013 ved nedlegging av Litlabø skule.

Uavhengig av flytting av elevar frå Litlabø, vert det klassedeling ved Tjødnalio fordi det frå januar 2012 er 29 levar på 3. årstrinn mot 28 hausten 2011, denne utgiftsauken kjem difor uavhengig av nedlegging av Litlabø.

Skulane Tjødnalio og Sagvåg nyttar andre læremiddel enn det Litlabø skule gjer i ein del fag. Dette er kostnader som det ikkje er teke høgde for i budsjettet for 2012. Ved Tjødnalio skule må det gjerast mindre bygningsmessige tilpassingar ved å auka elevtalet .

Norma for garderobe, toalett, arbeidsrom og personalrom ved Tjødnalio skule som er omtala i "Veileder til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler mv", vil stort sett verta overskriden når nye elevar frå Litlabø skule vert overflytta. Dersom alternativet med å flytta alle elevane til Tjødnalio vert valt, må det gjerast utbygging av lokale til møte-, personal og arbeidsrom, garderobar og toalett.

Dersom kommunestyret vedtek å vidareføra drifta av Litlabø skule skal budsjettet justerast i samsvar med dette i budsjettrevisjonen for 1. tertial 2012. Tilsvarande lyt endringar i kostnadar som følgje ev mogeleg nedlegging innarbeidast i same budsjettrevisjon.

Økonomiske konsekvensar av flytting av elevar frå Litlabø til Sagvåg/Tjødnalio ved å laga forskrift.

Talfesting av konsekvensar som ikkje er fanga opp i budsjett 2012.

År: 2012

Skule/tiltak	Klassetals-Auke	Bygnings-messige tiltak	Læremiddel	Inventar
Sagvåg skule	320.000,-	0,-	80.000,-	62.500,-
Tjødnalio skule	0,-	52.000,-	80.000,-	30.000,-

Ein har lagt til grunn:

- Klassetalsauke 7. klasse ved Sagvåg skule.
- Mindre ombygging 2 klasserom Tjødnalio skule.
- Ulike læremiddel mellom Litlabø skule og dei to andre skulane
- Inventarutgifter som ikkje kan hentast frå Litlabø

År: 2013

Skule/tiltak	Klassetals-Auke	Bygnings-messige tiltak	Læremiddel	Inventar
Sagvåg skule	375.000,-	0,-	0,-	0,-
Tjødnalio skule	0,-	0,-	0,-	0,-

Ein har lagt til grunn:

- Klassedelt 7.klasse går ut av Sagvåg skule.
- Forutset at ny 1. klasse ved Sagvåg skule haust 2013 ikkje vert klassedelt.

Elevtalet ved Sagvåg skule kjem venteleg å liggja så tett opp til delingstalet på mange årssteg, at flytting av elevar til Sagvåg skule sitt nærområde, vil utløysa klassedeling i åra som kjem.

Alternativ – alle elevane til Tjødnalio skule

Talfesting av konsekvensar som ikkje er fanga opp i budsjett 2012

Skule/tiltak	Klasse-ressurs	Bygnings-messige tiltak	Læremiddel	Inventar
Tjødnalio skule	127.000,-	52.000,-	160.000,-	30.000,-

Tjødnalio skule har plass til alle elevane frå Litlabø skule, men treng litt ekstra undervisningskapasitet til 7. klassen (9 t/v) haust 2012 og vår 2013.

År: 2013

Skule/tiltak	Klasse-ressurs	Bygnings-messige tiltak	Læremiddel	Inventar
Tjødnalio skule	150.000,-	ca 3 mill	0,-	0,-

Skuleskyss for "Litlabø-elevane" er kostnadsrekna til ca. 43.000,- hausten 2012 i det tilfellet at alle tek til på Tjødnalio skule – litt rimelegare dersom nokon går til Sagvåg skule. Denne summen er sett av i budsjettet.

Det må peikast på at Tjødnalio skule undervisningsmessig er ein to-parallell skule, medan skulen administrativt er ein-parallell. I det ligg det at personalrom, møterom, arbeidsrom for lærarane, garderobe, toalett og lager er dimensjonert for ein klasse på kvart årssteg. Det er lagt inn ein førebels kalkyle på 3 mill, føresett eit areal på ca 100 kvm.

Ved Litlabø skule er det opparbeidd ballbinge og aktivitetsanlegg i 2001 med stønad frå spelemidlar som krev at dei vert drifta og halde i forsvarleg stand i minst 20 år. Ei løysing er å drifta anlegga

vidare i kommunal regi eller få andre til å ta på seg driftsansvaret. Ein kan og fjerna anlegga, men då vil innløysing av spelemidlar utgjera 200 000 kr.

Avvikling av Litlabø skule vil medføra at 15 tilsette må omplasserast til andre stillingar i kommunen. Dette vil skje i eigne prosessar saman med dei tillitsvalte, dersom det vert vedteke å leggja ned skulen. Dei tilsette ved Litlabø vil ha fortrinnsrett til ledige stillingar annan stad i kommunen. Det er i budsjettvedtaket som inneber nedlegging av Litlabø skule, ikkje teke høgde for uforutsette kostnader. Mogelege utgifter kan vera lønskostnader i ein overgangsperiode før alle har fått nye stillingar.

9 ELEVTAL 2011-2012 OG UTVIKLINGA TIL 2016

Tala som er brukt under punkt 9.1., 9.2. og 9.3. byggjer på elevtal som er registrert på kvar skule pr 1.1.2012. Det har i haust allereie vore innskrivingsmøte for nye elevar 1. klasse som startar hausten 2012, så tala for 1. trinn hausten 2012 byggjer på desse tala.

Framtidige tal for 1. trinn byggjer på lister frå Folkeregisteret.

Prognosane vil vera usikre. Mobiliteten i samfunnet er større i dag enn tidlegare, og det skjer alltid ein del endringar fram i tid, grunna til- og fråflytting, utbygging og foreldra/føresette sitt val av skulestad.

Pr. dato veit me at ein familie, med to barn som skal byrja i 3. klasse og eit barn i 6. klasse, kjem flyttande til Åkervikåsen skuleåret 2012-2013. Åkervikåsen soknar pr. i dag til Litlabø skule. Me veit òg at ein elev, som skuleåret 2012-2013 skal byrja i 2. klasse, flyttar frå Tjødnalio skule over til Sagvåg skule.

9.1 Elevtal Litlabø skule pr 1.1.2012



	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
1.tr	6	10	18	16	15
2.tr	5	6	8	18	16
3.tr	9	7	6	8	18
4.tr	9	9	7	6	8
5.tr	15	9	9	7	6
6.tr	12	16	9	9	7
7.tr	13	12	16	9	9



9.2 Elevtal Sagvåg skule pr 1.1.2012



	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
1.tr	27	22	14	24	18
2.tr	23	26	22	14	24
3.tr	22	21	26	22	14
4.tr	20	22	21	26	22
5.tr	20	20	22	21	26
6.tr	26	19	20	22	21
7.tr	26	26	19	20	22



9.3 Elevtal Tjødnalio pr 1.1.2012



	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
1.tr	29	29	30	23	45
2.tr	35	28	29	30	23
3.tr	29	35	28	29	30
4.tr	40	29	35	28	29
5.tr	31	38	29	35	28
6.tr	38	31	38	29	35
7.tr	38	38	31	38	29



10 ELEVKAPASITET VED SKULANE SAGVÅG OG TJØDNALIO (før utbyggingsplanar for område som i dag soknar til skulane Sagvåg, Litlabø og Tjødnalio)

- SAGVÅG SKULE: Samla elevkapasitet 196 elevar. Sagvåg skule er laga for 1 parallell. Skulen er planlagt og bygd slik at det er råd å utvida/byggja ut med tanke på 2 parallellar.
- TJØDNALIO SKULE: Samla elevkapasitet 392 elevar. Tjødnalio skule er dimensjonert for 2 parallelle klassar. Administrativt areal (møte- og arbeidsrom), toalett og garderobar er likevel berre dimensjonert for ein parallell.

Tala som er brukt i tabellane i dette kapittelet byggjer på elevtal som er registrert på kvar skule pr 1.1.2012. Det har allereie vore innskrivingsmøte for nye elevar 1. klasse som startar hausten 2012, så tala for 1. trinn hausten 2012 byggjer på desse tala.

Framtidige tal for 1. trinn byggjer på lister frå folkeregisteret. Prognosane vil også her vera hefta med uvisse.

SKULEÅRET 2012/2013:

Trinn:	Ledig kapasitet Sagvåg:	Ledig kapasitet Tjødnalio:	Totalt ledig kapasitet før mogeleg nedlegging av Litlabø:	Antal elevar Litlabø:	Totalt ledig kapasitet etter mogeleg nedlegging av Litlabø:
1.trinn	6	26	32	10	22
2.trinn	2	27	29	6	23
3.trinn	7	20	27	7	20
4.trinn	6	28	34	9	25
5.trinn	8	18	26	9	17
6.trinn	9	25	34	16	18
7.trinn	2	18	20	12	8
Sum	**40**	**162**	**202**	**69**	**133**

SKULEÅRET 2013/2014:

Trinn:	Ledig kapasitet Sagvåg:	Ledig kapasitet Tjødnalio:	Totalt ledig kapasitet før mogeleg nedlegging av Litlabø:	Antal elevar Litlabø:	Totalt ledig kapasitet etter mogeleg nedlegging av Litlabø:
1.trinn	14	26	40	18	22
2.trinn	6	26	32	10	22
3.trinn	2	27	29	6	23
4.trinn	7	20	27	7	20
5.trinn	6	28	34	9	25
6.trinn	8	18	26	9	17
7.trinn	9	25	34	16	18
Sum	**52**	**170**	**222**	**75**	**147**

SKULEÅRET 2014/2015:

Trinn:	Ledig kapasitet Sagvåg:	Ledig kapasitet Tjødnalio:	Totalt ledig kapasitet før mogeleg nedlegging av Litlabø:	Antal elevar Litlabø:	Totalt ledig kapasitet etter mogeleg nedlegging av Litlabø:
1.trinn	4	33	37	16	21
2.trinn	14	26	40	18	22
3.trinn	6	26	32	10	22
4.trinn	2	27	29	6	23
5.trinn	7	20	27	7	20
6.trinn	6	28	34	9	25
7.trinn	8	18	26	9	17
Sum	**47**	**178**	**225**	**75**	**150**

SKULEÅRET 2015/2016:

Trinn:	Ledig kapasitet Sagvåg:	Ledig kapasitet Tjødnalio:	Totalt ledig kapasitet før mogeleg nedlegging av Litlabø:	Antal elevar Litlabø:	Totalt ledig kapasitet etter mogeleg nedlegging av Litlabø:
1.trinn	10	11	21	15	6
2.trinn	4	33	37	16	21
3.trinn	14	26	40	18	22
4.trinn	6	26	32	10	22
5.trinn	2	27	29	6	23
6.trinn	7	20	27	7	20
7.trinn	6	28	34	9	25
Sum	**49**	**171**	**220**	**81**	**139**

Totalt ledig kapasitet etter mogeleg nedlegging av Litlabø skule viser at skulane Sagvåg og Tjødnalio samla har god kapasitet, med dei grensene som gjeld pr. i dag mellom desse to skulane. Derimot viser denne oversikta at Sagvåg skule har lite ledig kapasitet.

11 UTBYGGINGSPLANAR, ELEVKAPASITET OG ALTERNATIV FORDELING AV ELEVAR

11.1 Utbyggingsplanar for område som i dag soknar til skulane Sagvåg, Litlabø og Tjødnalio

Prognose for bustadbygging byggjer på godkjente byggesøknadar, reguleringsplanar og framtidige bustadområde vist i kommuneplanen. Tal bustadar i kommuneplanen er cirka tal.

Kommuneplanen legg opp til ei årleg bustadbygging på 150 einingar. Planen legg opp til at største delen av utbygginga skal skje i Sagvåg området. Utgreiinga legg opp til ei bustadbygging aukande til 90 einingar per år i området. Dette talet er hefta med stor uvisse og er høgare enn det som har vore utbygginga dei seinare åra.

Prognosar for framtidig bustadbygging vil såleis vera usikre, og med det elevutviklinga som følgje av dette. Det er uråd å seie nøyaktig kor mange elevar som treng skuleplass ved ei utbygging. Det varierer med type husvære, målgruppe osb. I oppstillinga nedanfor tek me utgangspunkt i at det kjem 35 nye elevar pr. 100 nye bustader, dvs. 5 på kvart trinn.

Tabellen under viser utbyggingsprosjekt i skulekrinsane:

Område som soknar til Sagvåg skule:

Godkjente byggjesøknader		**Regulerte byggjefelt:**		**Andre utbyggingar, avsett i kommuneplan**	
Bustad-område:	**Tal:**	**Bustad-område:**	**Tal:**	**Bustad-område:**	**Tal:**
		Utbygging i Rukjen	130	Vikanes – Kappelen (58/3,18)	100
		Vikanes (58/5)	14		
SUM:	**0**	**SUM:**	**144**	**SUM:**	**100**

Område som soknar til Tjødnalio skule:

Godkjente byggjesøknader		**Regulerte byggjefelt:**		**Andre utbyggingar, avsett i kommuneplan**	
Bustad-område:	**Tal:**	**Budstad-område:**	**Tal:**	Almås 1,2 og 3 (Private grunneigarar)	350
Holmen 2	16	Utbygging på Almås: Almås innmark, fortettingsdelen	120	Nes	5
Skjepavikjo	15	Valvatna (Utbygging starta)	70	Sagvåg (Podlen)	48
		Otterøyskogen	11		
		Smette Terrasse	32		
		Sagvågshagen	46		
SUM:	**31**	**SUM:**	**279**	**SUM:**	**403**

Med utgangspunkt i kommuneplanen kan ein setta opp slik prognose for bustadbygginga i krinsen:

Bustadbygging Sagvåg-området, prognose			
År	**Årleg utbygging, bueiningar**	**Sagvåg krins**	**Tjødnalio krins**
2012-2013	40	0	40
2013-2014	50	0	50
2014-2015	70	35	35
2015-2016	90	40	50
Årleg auke ut 2021	90	40	50

Anslaget for 2012 er i hovudsak basert på byggjemeldte prosjekt. Kommuneplanen legg altså opp til ei at det årleg vert bygd 150 bueiningar i Stord kommune, og at ein overvekt av prosjekta skal realiserast i Sagvåg-området. Utgreiinga føreset ei utbygging aukande til 90 bueiningar per år i Sagvåg-området i perioden. Prognosen er i overkant av det som har vore faktisk utbygging dei seinare åra.

Det er lagt til grunn 35 nye elevar per 100 bueiningar, dvs 5 elevar per klassesteg 1.-7. klasse. Ein ser for seg at utbygginga i første omgang vil koma i felt som er regulerte, jf. tabell over, og noko seinare i område som i dag har status som utbyggingsområde i kommuneplanen.

Prognosen for bustadbygging vil gje slik utvikling i elevtal, med dei føresetnadene som er lagt til grunn. Tabellen har ikkje lagt til grunn nedlegging av Litlabø skule og overføring av elevar:

Utvikling i elevtal på bakgrunn av venta bustadbygging			
År	**Årleg auke**	**Sagvåg krins**	**Tjødnalio krins**
2012-2013	14	0	14
2013-2014	18	0	18
2014-2015	24	12	12
2015-2016	32	14	18
Årleg auke ut 2021	32	14	18

Område som soknar til Litlabø skule:

Det ligg ikkje regulerte felt eller andre planlagde utbyggingsområde innanfor Litlabø skulekrins. Etter å ha vore i kontakt med byggjefirmaet Inspir AS veit me at det er bygd 1 tomannsbustad og 2 einebustadar. Me har ikkje oversikt over talet på barn, men reknar med 1-2 barn ut frå formelen 35 barn pr 100 nye bustadar.

Det må òg takast høgde for at det er eit generasjonsskifte i området rundt Hillarhaugen og Nysæter. Dette kan føra til at det vert fleire familiar med små barn, som igjen vil føra til ytterlegare auke i elevtalet ved Litlabø skule.

11.2 Elevkapasitet etter mogeleg utbygging, før mogeleg nedlegging av Litlabø skule

Tabellane og diagramma under viser samla elevtal og ledig kapasitet etter mogeleg utbygging ved skulane Sagvåg og Tjødnalio, før mogeleg nedlegging av Litlabø skule.



	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal:	164	156	144	161	173
Ledig kapasitet:	32	40	52	35	23
Kapisitet	196	196	196	196	196



	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal:	240	242	238	236	261
Ledig kapasitet:	152	150	154	156	131
Kapisitet	392	392	392	392	392

Tala viser at totalt ledig kapasitet ved skulane Sagvåg og Tjødnalio er god dei første åra, med størst kapasitet på Tjødnalio.

11.3 Elevkapasitet etter mogeleg utbygging, etter mogeleg nedlegging av Litlabø skule



	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Elevtal:	164	191	190	187	187
Ledig kapasitet:	32	5	6	9	9
Kapisitet	196	196	196	196	196



Ved realisering av regulerte utbyggingsområde som i dag soknar til Sagvåg skule, vil kapasiteten vera marginal. Det vil bety at grensene mellom skulane må endrast, slik at sentrale område i kjernen av Sagvåg må sokna til Tjødnalio skule. Eventuelt må Sagvåg skule utvidast til å bli ein 2 parallell skule, som tilseier ein kostnad på om lag 30-50 mill kr.

11.4 Oppsummering

Alle prognosar vil vera hefta med uvisse, det være seg elevtalsprognosar frå folkeregisteret, prognosar for bustadbygging og utbyggingstakt og prognosar for elevtalsutvikling som følgje av prognosar for bustadbygging. Denne utgreiinga har lagt til grunn ei utbygging bygd på kommuneplanen sine føresetnader.

Utbyggingsplanar i regulerte område i Rukjen og Vikanes kan tilseie at Sagvåg skule lyt byggjast ut til to-parallell sjølv om drifta av Litlabø skule vert vidareført. Det er likevel usikkert når behovet for slik utbygging vil oppstå. Eventuell nedlegging av Litlabø kan såleis seiast å framskunda utviding av Sagvåg skule.

Ved utbygging til to-parallell vil Sagvåg skule med dei føresetnader som her er lagt til grunn, i tillegg handtera planlagd utbygging av Vikanes-Kappelen og ei overføring av elevar frå Litlabø skule. Alternativt må krinsgrensene endrast slik at elevar vert overført frå Sagvåg til andre skulekrinsar.

Tjødnalio skule vil, med dei atterhalda som går fram av avsnitt 10 framfor, ha kapasitet til å handtera utbygging av regulerte felt i Almås innmark (fortettingsdelen), Valvatna, Otterøyskogen, Smette terrasse og Sagvågshagen. Samstundes vil skulen kunna overta brorparten av elevane frå Litlabø skule. Ved full utbygging av Almås 1, 2 og 3, Nes og Sagvåg (Podlen), vil det likevel vera trong for å justera krinsgrensene mot dagens Langeland-krins, alternativt utvida kapasiteten ved Tjødnalio skule.

12 ALTERNATIV FORDELING AV ELEVAR ETTER MOGLEG NEDLEGGING

For det tilfellet at det vert fatta vedtak om nedlegging, vert det i denne saka fremja ulike løysingsforlag for overføring av elevane ved Litlabø til andre skular. Dei elevane som i dag gjennom enkeltvedtak har fått tildelt plass og går på Sagvåg skule, må ikkje vike plass for andre elevar.

12.1 Alternativ 0: Oppretthalda Litlabø skule

Elevtalsutviklinga ved Litlabø skule viser ein auke i elevtalet fram mot 2016. Bygging av fire nye bustadar medfører erfaringsmessig 1-2 nye elevar. Samstundes må det takast høgde for at det er eit generasjonsskifte i området rundt Hillarhaugen og Nysæterfeltet. Dette kan føra til at det vert fleire familiar med små barn, som igjen vil føra til ytterlegare auke i elevtalet ved Litlabø skule. Nullalternativet inneber inga endring i skulestrukturen frå skuleåret 2012-2013.

12.2 Alternativ 1: Elevane vert fordelt etter forskrift

Alternativ 1 som føreset nedlegging av Litlabø skule, er å lage ei forskrift som gjer at elevane sine rettar etter nærskuleprinsippet vert ivareteke. Ved dette alternativet vil ein opne opp for å finne frivillige løysingar for enkeltelevar, så langt det ikkje kjem i konflikt, men andre elevar sine rettar etter nærskuleprinsippet. Ved val av dette alternativet vil dei elevane ved Litlabø skule, som ynskjer å gå på Tjødnalio skule, kunne gjere det. Dette heng saman med at Tjødnalio skule har god kapasitet. Sagvåg skule har avgrensa kapasitet. Det gjer at kapasitetsomsyn set ei grense for kor mange elevar som kan få plass ved Sagvåg skule.

12.3 Alternativ 2: Samla overføring av alle elevane ved Litlabø til Tjødnalio skule

Eit alternativ er å gjere eit enkeltvedtak på at alle elvane ved Litlabø skule vert overført til Tjødnalio skule. Tjødnalio skule kan ta imot alle elevane frå Litlabø, frå skuleåret 2012-2013.

Ved å flytta alle elevane til Tjødnalio skule, unngår ein at elevgruppene vert splitta. Men ei slik samla overføring, vil neppe vera i tråd med nærskuleprinsippet.

13 SLUTTKOMMENTAR

Denne utgreiinga vil bli supplert med høyringsuttalar og kommentarar før den går til politisk handsaming. Nye utbyggingsområde i kommuneplanen som gjeld Langeland krins er ikkje med i vurderinga. Det er ei utvikling som ein må koma tilbake til i ny skulebruksplan, som skal utarbeidast i 2012. Dette kan få konsekvensar for kapasiteten for Tjødnalio skule.

Ein har difor heller ikkje teke med behov for oppgradering ved skulane som konsekvens av nye sentrale føringar og prinsipp for skulebygg, då dette og skal vera ein del av skulebruksplanen. I skulebruksplanen må ein og koma attende til konsekvensane av framtidig utbygging i Sagvåg i tråd med kommuneplanen.

I denne utgreiinga har ein i all hovudsak teke omsyn til det som er ei direkte konsekvens av ei mogeleg nedlegging av Litlabø skule samt prognose for bustadbygging dei næraste åra.

Denne utgreiinga går ikkje inn på dei tiltaka som må setjast i verk overfor 15 tilsette, som må omplasserast eller eventuelt seiast opp i den vidare prosessen. Det har så langt i prosessen vore orienteringsmøte for dei tilsette.